STORD KOMMUNE

kristtornbyen

# Refusjonsordningar barnehagar i Stord kommune

Oppdatert frå 01.01.2023

| Kva | Korleis - utdjuping | Når - utbetaling |
|---|---|---|
| **Søsken-moderasjon** | Stord kommune dekker tapt inntekt i den enkelte barnehage som følgje av redusert foreldrebetaling knytt til søskenmoderasjon, jf. Barnehagelova *§ 20 Foreldrebetaling* og *Forskrift om foreldrebetaling i barnehager § 3 a Søskenmoderasjon*<br><br>Kommunen sender tidleg i desember og juni dei private barnehagane summen dei skal få til kontroll før utbetaling.<br><br>Kommunen som barnehageeigar har eige system for søskenmoderasjon for dei kommunale barnehagane | Utbetaling innan utgangen av **desember og juni** |
| **Redusert foreldre-betaling og gratis kjernetid** | Stord kommune dekker tapt inntekt i den enkelte barnehage som følgje redusert foreldrebetaling knytt til vedtak ved låg inntekt, jf. Barnehagelova *§ 20 Foreldrebetaling* og *Forskrift om foreldrebetaling i barnehager § 3 b Reduksjon i foreldrebetalinga ved lav inntekt*<br><br>Kommunen sender tidleg i desember og juni dei kommunale og private barnehagane summen dei skal få til kontroll før utbetaling. | Utbetaling innan utgangen av **desember og juni** |
| **Spesial-pedagogisk hjelp** | Kommunen dekker lønsutgifter til barnehagar i tråd med vedtak om spesialpedagogisk hjelp etter barnehagelova *§ 35 Vedtak om spesialpedagogisk hjelp*, når barnehagen sjølv har tilsett personen som utfører denne hjelpa.<br><br>Private barnehagar sender kommunen refusjonskrav innan 1. november og 1. april<br><br>• Dokumentasjon:<br>○ Namn tilsett<br>○ Timeløn<br>○ Vedtak timar per veke<br>○ Perioden for vedtaket<br><br>Dei kommunale barnehagane får dekka desse utgiftene ved overføringar frå Fagavdeling oppvekst og kultur sitt budsjett i samarbeid med styrar og økonomiavdelinga. | Utbetaling innan utgangen av **november og april** |

| | | |
|---|---|---|
| **Barn med nedsett funksjons-evne** | Kommunen dekker utgifter til barnehagar i tråd med vedtak etter barnehagelova § 37, når barnehagen har kostnaden.<br><br>Private barnehagar sender refusjonskrav til kommunen innan 1. november og 1. april.<br><br>• Dokumentasjon når vedtaket omfattar ekstra bemanning:<br>○ Namn tilsett<br>○ Timeløn<br>○ Vedtak timar per veke<br>○ Perioden for vedtaket<br><br>• Dokumentasjon når vedtaket omfattar utsyr, med meir:<br>○ Kopi av faktura<br><br>Dei kommunale barnehagane får dekka desse utgiftene ved overføringar frå Fagavdeling oppvekst og kultur sitt budsjett i samarbeid med styrar og økonomiavdelinga. | Utbetaling innan utgangen av **november og april** |
| **Drifts-tilskot til private bhg** | Kommunen utbetalar driftstilskot til private barnehagar, jf barnehagelova *§ 19 Kommunalt tilskudd til godkjente private barnehager* og *Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager*<br><br>Kommune utbetalar driftstilskot til private barnehagar i tråd med vedtak om dette. | Utbetaling kvartalsvis innan**:**<br>• **15.01.**<br>• **01.04.**<br>• **01.07.**<br>• **01.10.** |
| **Vidareut-danning for bhg.lærarar** | Utdanningsdirektoratet tilbyr videreutdanningsordning for barnehagelærarar som arbeider og er tilsett i barnehage.<br><br>Tilretteleggingsmidlar for hausten vert utbetalt til kommunen som barnehagemynde i november/desember og i juni. Kommunen har ansvar for å betala ut midlane til barnehagane det gjeld, både kommunale, statlege og private.<br><br>Kommunen finn informasjon om tildelte midlar på i udir. sitt system UBAS - TAVLA | Utbetaling i desember og juni |
| **Tiltak for å styrka norsk-språklege utviklinga for minoritets-språklege barn i barnehage** | Stord kommune får statstilskot til tiltak for å styrka den norskspråklege utviklinga for minoritetsspråklege barn i barnehage når kriteria for dette er nådd.<br><br>Tilskotet vert utbetalt til kommunen som barnehagemynde i mars, og kommunen har ansvar for å betala ut midlane til barnehagane det gjeld, jf. Rutine for tildeling av tilskot til tiltak for å styrka den norskspråklege utviklinga for minoritetsspråklege barn i barnehage (pdf)<br><br>Kommunen finn informasjon om tildelt tilskot på i udir. sitt system UBAS - TAVLA | Utbetaling april / mai |

| | | |
|---|---|---|
| **Tilskot til symje-opplæring i barnehagar** | Udir: *«Kommuner, frivillige organisasjoner og barnehager kan søke om tilskudd for at barnehagebarn blir trygge i vann og får bedre svømmeferdigheter. ……….»*<br><br>Kommunen får utbetalt tilskot frå Statsforvaltaren i Vestland til barnehagar som har søkt og fått innvilga tilskot til dette føremålet. | Utbetaling når kommunen har fått melding om tildelte midlar |
| **Rekomp 70%** | Tilskotsordninga skal støtta kollektiv kompetanseutvikling i barnehagar, jf. Retningslinjer for tilskuddsordning for lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnopplæring – lovdata.no<br><br>Tilskotsmidlane vert sendt kommunen som barnehagemynde frå Statsforvaltaren i Vestland i mars, og kommunen har ansvar for å betala ut midlane til barnehagane det gjeld | Utbetaling mars / april |
| **Rekomp 30%** | Samarbeidsforum sin innstilling kan i tillegg til barnehagebasert kompetanseutvikling prioritere en tildeling der inntil 30 prosent av midlane brukast til kompetanseutvikling for fagarbeidarar og assistentar, jf. Retningslinjer for tilskotsordning for lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnopplæring - Lovdata.no<br>Midlane vert sendt kommunen som barnehagemynde frå FOS i april / mai. | Utbetaling i tråd med innvilga søknad og doku-mentert kostnad |
| **Foreldrebetaling/kost for barn som bur i asylmottak** | Barnehagar som har barn i barnehagen som bur i asylmottak får refundert opphaldsbetaling og kostpengar for desse barna.<br><br>Dei private barnehagane sender inn faktura og dokumentasjon med namn på barna.<br><br>Dei kommunale barnehagane lagar faktura som vanleg, men endrar fakturamottakar. | Utbetaling kvar månad |